

# **Vernebuingsplan for tilskipingar i Norsk Målungdom**

## **1. Om vernebuingsplanen**

Denne planen er vedteken av sentralstyret i Norsk Målungdom 6. juli 2014, og gjeld landsmøte og tilskipingar i regi av Norsk Målungdom sentralt. Sentralstyret går gjennom planen med jamne mellomrom, og oppdaterer ved behov. Planen skal haldast så oversynleg og konsis som råd.

## **2. Føremål**

Det skal vera trygt å reisa på tilskipingar i Norsk Målungdom. Dersom kriser likevel oppstår, skal organisasjonen handtera desse på ein måte som er mest mogleg skånsam overfor involverte og pårørende. Vernebuingsplanen skal såleis vera eit rammeverk for å førebyggja kritiske situasjoner, og fungera som ein instruks for korleis slike skal handterast når/dersom dei oppstår.

## **3. Vernebungstiltak før tilskipingar**

I forkant av tilskipingar skal sentralstyret syta for at dei fylgjande krava er oppfylte:

- a) Sentralstyret skal ha oversyn over namn og kontaktinformasjon til deltakarane sine pårørende. Dersom nokon overnattar andre stader enn på leirstaden, skal dette også oppførast.
- b) Fyrstehjelpsutstyret skal vera tilfredsstillande.
- c) Minst to ansvarspersonar på leiren skal vera skulerte i fyrstehjelp.
- d) Sentralstyret skal vera skulert i vernebunging. Vernebung skal vera ein del av programmet på sentralstyresamlingane kvart halvår.
- e) Sentralstyret skal gå gjennom vernebuingsplanen kort tid før tilskipinga.
- f) Andre ansvarspersonar (nattevakter, trivselsvakter, etc) skal vera budde på oppgåvene sine, og orienterte om vernebuingsrutinane slik dei kjem fram i denne planen.
- g) Sentralstyret skal ha kontaktinformasjon og adresse til naudhjelpsetatane i nærområdet. Dette inkluderer politi, brannvesen, sjukhus, lækjarvakt og distriktspsykiatrisk senter.
- h) Sentralstyret varsler det lokale politikontoret i førevegen om tilskipinga.
- i) Sentralstyret unngår å reisa heilt samla til tilskipingar. Minst éin reiser med alternativ avgang.
- j) Dei tiltaka under punkt 4. som krev førebuingar, skal vera førebudde.

## **4. Vernebungstiltak under tilskipingar**

Under tilskipingar skal sentralstyret syta for at desse tiltaka vert gjennomførte:

- a) Det skal alltid vera vakne og vaksne ansvarspersonar til stades på leir-/møtestaden, også nattestid.
- b) Nattestid skal lokala inspirerast éin gong i timen.
- c) Under tilskipingane skal det vera utnemnt vaksne trivselsvakter av både kjønn, som eit lågterskeltilbod for deltakarar som treng hjelp til noko, manglar sanitært utstyr eller treng nokon å snakka med. Dette tilboden skal deltakarane informerast om tidleg på tilskipinga. Ved alvorlege hendingar tek trivselsvaktene saka vidare til sentralstyret.
- d) På tilskipingar der det er aktuelt med bading, skal sentralstyret leggja til rette for at badinga skjer organisert, med vaksne og fyrstehjelpstrengt ansvarspersonar til stades. Uorganisert bading skal frårådast, og skjer på eige ansvar.
- e) Ved utflukter eller ekskursjonar, skal der vera vaksne ansvarspersonar med fyrstehjelpstreng, og fyrstehjelpsutstyr, med i fylgjet. Sameleis skal det vera tilsvarande igjen på leirstaden.
- f) Ytterdører skal som hovudregel vera låste om nettene, og elles etter behov / avtale med uteigar.
- g) Så sant fasilitetane tillèt det, tilbyd sentralstyret innlåsing av verdisaker på eige ansvar.
- h) På tilskipingar med felles sovesalar, fordeler sentralstyret seg – så langt det er praktisk mogleg – slik at det sov sentralstyrefolk på alle sovesalar.
- i) Sentralstyret fører oppmøtelister for kvart punkt på programmet, slik at det er råd å vita kven som er kvar om noko hender.

## **5. Strakshandtering av alvorlege hendingar**

Det er sentralstyret som er ansvarlege for tilskipingane i NMU og handterer alvorlege situasjonar. I slike tilfelle er fyrste prioritet å redda liv. Deretter kan materielle verdiar reddast. Ansvar for å varsle ligg på den/dei som oppdagar krisa. Ta føringa, eller hjelp andre som allereie hjelper. Bruk helst éin telefon i kontakt med naudetatane så lenge situasjonen pågår. Ikkje spel helt. Handteringa vert elles gjort i samsvar med dei fylgjande retningslinene:

a) Akutte omstende som utgjer fare for liv og helse

- I. Brann: Evakuer og ring 110. Sløkk brannen om mogleg, utan å risikera liv og helse.
- II. Naturkatastrofar: Vurder situasjonen, evakuer om det er tenleg/mogleg.

b) Akutt helsetilstand

- I. Akutt fysisk skade: Gje fyrstehjelp. Kontakt 113 dersom det er naudsynt. I slike tilfelle skal også pårørande varslast.
- II. Psykisk samanbrot: Kontakt nærmeste DPS (distrikspsykiatrisk senter), og varsle pårørande.
- III. Forgifting: Ring Giftinformasjonen (22 59 13 00) og fylg instruksane. Ring også 113. Varsle pårørande.

c) Kriser andre stader i landet/verda som vedkjem deltagarar

- I. Privat/familiært: Dersom ein deltarar vert råka personleg av noko alvorleg som hender andre stader i landet/verda, får ein ansvarsperson i særskilt oppgåve å fylgja opp vedkomande. Sentralstyret hjelper til med å organisera ei eventuell tidleg heimreise, eller leggja til rette for andre omsyn.
- II. Offentleg/storskala: Dersom større alvorlege hendingar andre stader i landet/verda vedkjem fleire deltararar, gjer sentralstyret ei vurdering av kor vidt programmet vert endra eller avlyst, alt etter omstenda. Sentralstyret hjelper også til med å organisera eventuell tidleg heimreise, eller leggja til rette for andre omsyn.

d) Vald og krenkingar mellom deltararar

- I. Verbalt / fysisk utagerande åtferd: Forsøk å roa gemytta, utan å utsetja deg sjølv eller andre for fare. Vurder sanksjonar, og tilkall politiet ved behov.
- II. Mobbing / sosial utesetting: Kartlegg og prøv å løysa problemet. Sentralstyret gjev ein ansvarsperson i særskilt oppgåve å fylgja opp den som er utsett, og hjelper til med å leggja til rette for vidare deltaking, eventuelt heimreise dersom vedkomande ikkje vil vera til stades lenger. Vurder sanksjonar ved behov.
- III. Seksualbrotsverk: Kartlegg kva som har hendt. Sentralstyret gjev ein ansvarsperson i særskilt oppgåve å fylgja opp den som er utsett for brotsverket, og hjelper til med å ta omsyn til andre behov. Seksualbrotsverk skal alltid møta sanksjonar.

e) Vald og krenkingar mellom deltararar og utanforståande

- I. Uakseptabel åtferd overfor utanforståande: Dersom ein deltarar oppfører seg därleg overfor forbipasserande eller andre personar i omgjevnadene rundt tilskipinga, prøver sentralstyret å løysa konflikta. Sanksjonar vert vurderte ut frå alvoret i situasjonen.
- II. Utanforståande som utøver vald eller krenkingar overfor deltararar: Forsøk å roa gemytta, utan å utsetja deg sjølv eller andre for fare. Sentralstyret gjev ein ansvarsperson i særskilt oppgåve å fylgja opp og leggja til rette for den som er utsett. Kontakt politi ved behov.
- III. Innkreving: Vurder situasjonen, prøv – med mindre det inneber fare – å få innkrengjaren til å forlata lokalet. Kontakt politiet ved behov, og vurder vidare oppfølging.
- IV. Åtak utanfrå / skyting pågår: Evakuer om det er mogleg. Tilkall politi.

f) Rus

- I. Tilskipingar i regi av NMU sentralt er rusfrie. Brot på dette vert sanksjonert i tråd med §45 i

vedtekten.

- II. Ved heimsending av mindreårige skal sentralstyret varsle dei føresette.
- III. Ved overstadig rus kan sentralstyret overlata deltakaren til politiet fram til vedkomande er i stand til å verta sendt heim.

## 6. Vidare oppfølging av alvorlege hendingar

### a) Avlysning eller endring av program

Når alvorlege hendingar oppstår, vurderer sentralstyret fortlaufende om det skal gjera endringar i programmet, eventuelt om resten av tilskipinga skal avlysast. Dette vert vurdert frå tilfelle til tilfelle, og kjem an på den einskilde situasjonen.

### b) Informasjonshandtering

Ved alvorlege hendingar er det – som elles – leiaren som uttaler seg på vegner av organisasjonen. Er leiaren forhindra, uttaler nestleiaren seg. Ved behov kan dette ansvaret delegerast vidare i sentralstyret, men fortrinnsvis til éin person. Dei fylgjande prinsippa skal leggjast til grunn for kva informasjon som vert formidla til presse og pårørande:

- I. Me spekulerer ikkje i årsaksforhold, skuldspørsmål eller omfang av situasjonen.
- II. Me oppgjev ikkje namn på skadde eller omkomne. Dødsbodskap vert alltid formidla via politi/prest. Dette gjeld også om foreldre/pårørande tek kontakt direkte med oss, sidan me kan ikkje verifisera identiten deira der og då.
- III. Me oppmodar andre deltarar om å fylgja dei same råda.

### c) Loggføring

Når alvorlege hendingar har skjedd, syter sentralstyret for å skriva logg. I tilfelle der hendinga kjem inn under punkt e) eller f), eller det av andre grunnar er tenleg (normalt i situasjonar der politiet kan koplast inn), skal sentralstyret oppmoda involverte partar (dei det har gått utover, varslalar, vitne) om å skriva logg. Sentralstyret sine loggar skal lagrast med passordvern på det sentrale dataarkivet.

### d) Sanksjonar

Dersom ein deltarar viser uakseptabel åtferd, som skildra i punkt 5d–5f eller på andre måtar, kan sentralstyret ta i bruk ei eller fleire av sanksjonsmogleheitene på lista under.

- I. Deltakaren kan visast bort / sendast heim for eiga rekning.
- II. Ein bortvist deltarar kan nektast reisedekking også for dei ordinære reiseutlogene hans/hennar.
- III. Etter §139 i straffelova fylgjer det plikt til å mælda visse typar brotsverk – mellom anna ei rekke paragrafar om seksualbrotsverk – til politiet. I tilfelle som kjem inn under straffelova, men ikkje den nemnde meldepunktet, er det organisasjonen si haldning at alvorlege brotsverk bør meldast til politiet, men ikkje mot viljen til den som har vorte utsett for brotsverket. Sentralstyret søker juridisk rådgjeving etter behov.
- IV. Dersom ein deltarar eller tillitsvald viser uakseptabel åtferd, kan sentralstyret initiera andre disiplinærtiltak i samsvar med §46 og §47 i vedtekten (suspensjon/eksklusjon av medlemskap, og/eller suspensjon/attendekalling av verv).

Vedlegg:

- skjema for vernebuingsopplysningar, til utfylling ved kvar tilskiping
- grunnleggjande fyrstehjelp (sjå førra vernebuingsplan)

# Vernebuingsopplysningar under tilskipinga

Kva for ei tilskiping: \_\_\_\_\_

Dato og stad for tilskipinga: \_\_\_\_\_

Telefonnummer ved akutte hendingar:

– Brannvesen: 110      Politi: 112      Ambulanse: 113      Giftinformasjonen: 22 59 13 00

Næraste:

- Lækjarvakt: \_\_\_\_\_ Adresse: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_
- Sjukehus: \_\_\_\_\_ Adresse: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_
- Politikontor: \_\_\_\_\_ Adresse: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_
- DPS (psykatri): \_\_\_\_\_ Adresse: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_

Nattevakter:

	Kl. ____:__ til ____:__	Kl. ____:__ til ____:__	Kl. ____:__ til ____:__
Natt til _____dag			

Trivselsvakter:

Namn	Telefonnummer

# Grunnleggjande førstehjelp

(Meir førstehjelp finst på <http://nhi.no/forside/forstehjelp/>)



## Dette gjør du ved medvitsløyse:

- Pustar han? Sjå, lytt og kjenn i inntil 10 sekund.
- Rører brystkassa seg?
- Lytt etter pusteljodar.
- Kjenn om han/ho pustar mot kinnet ditt.
- Sjå etter teikn på ytre skade .
- Sjå etter eventuell naudhjelpsbruk som informerer om pasienten har ein underliggende sjukdom som epilepsi eller diabetes .

## Når pasienten ikkje pustar:

- Tilkall hjelp. Få nokon til å ringja 113.
- Legg han på ryggen om mogleg.
- Bøy hovudet godt bakover .
- Lyft haka fram.
- Dette kan føra til at pusten kjem tilbake.
- Ver varsam med å bøya hovudet ved mistanke om nakkeskade.
- Fjern lause gjenstandar, mat, slim eller lause tenner.

## Slik utfører du munn-til-munn-innblåsing:

- Legg den eine handa på panna til pasienten, bøy hovudet godt bakover, klem nasebora saman med tommel og peikefinger.
- Med den andre handa lyfter du haka godt opp. Fjern eventuelle framandlekamar eller gebiss.
- Legg leppene dine rundt heile munnen. Blås inn til brystkassa hevar seg (ca. to sekund). Ta bort munnen din så lufta slepp ut att. Blås på ny.
- Dersom pasienten framleis ikke vaknar, hald fram med med hjarte-lunge-redning

## Hjartekompresjon

Hjartekompresjon vert utført med strake armar og med bruk av tyngda fra overkroppen. Djupna på kompresjonen kjem an på kor stor kroppen er, men noko kraft må til. Dette er fysisk krevjande og føreset god teknikk. Slik gjer du:

- Legg deg på kne inntil armen på pasienten.
- Plasser hendene dine oppå kvarandre på brystbeinet, midt mellom brystvortene. Handbaken på den nedre handa skal trykkja mot brystbeinet, ikkje flat hand.
- Trykk rett ned og slepp opp att. Det krevst eit relativt hardt trykk .
- Trykk 30 gonger i rask rekjkjefylge. Tel høgt.
- Deretter 2 innblåsingar før 30 nye trykk, osb.



## Stabilt sideleie

Når gjenopplivinga fungerer og pasienten pustar, skal han leggjast i stabilt sideleie til ambulanse kjem.

- Sit på huk på høgre sida av pasienten.
- Legg pasienten sin venstrearm på brystkassa, og høgreamen ut til sida med olbogen i 90° vinkel.
- Trekk venstrebeinet til pasienten opp så det er bra bøy i kneleddet. Ta tak i pasienten sin venstre skulder og bøygde lår/kne og rull han over på sida mot deg. Han skal no liggja stabilt på sida.
- Juster armar og bein så pasienten ligg så stabilt som råd. Pass på at han ikkje hamnar på magen.
- Trekk hovudet lett bakover for å opna luftvegane. Legg venstrehanda under hovudet for støtte.